



# Årsmelding 2014



- opne landskap, ope sinn



  
Austrheim

## Innhald

Rådmannen sine kommentarer.....	3
Politisk organisering .....	4
Administrativ organisering .....	4
Overordna mål og måloppnåing:.....	5
Administrasjon .....	8
Sentraladministrasjonen .....	8
Politikk .....	8
Samfunnsutvikling .....	10
Økonomisk oversyn .....	11
Driftsavvik fordelt på ansvarsområde .....	17
Investeringsregnskapet .....	18
Balanseregnskapet .....	18
Økonomi samanlikna med andre .....	19
KOSTRA-samanlikningar .....	20
Oppvekst.....	23
Skular .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Kaland barne- og ungdomsskule .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Årås skule .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Spesialundervisning.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Barnehagar .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Austrheim kystbarnehage (AKB): .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Kaland barnehage:.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Familiekontoret .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Nye tilmeldingar til PPT pr. år i Austrheim kommune.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Barnevern .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Vaksenopplæringa (VO).....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Personalstatus .....	35
Sjukefråvær .....	35
HMT .....	36
AMU.....	36
Administrasjonsutvalet.....	36

Kompetanse.....	37
Samarbeid med tillitsvalde .....	38
Diskriminering og likestilling .....	38
Etikk .....	38
PLOMS – Pleie og omsorg.....	39
Helseavdelinga .....	40
Interkommunale ordningar.....	42
NAV .....	43
Teknisk drift.....	45
Nøkkeltal frå Teknisk drift .....	46
Frivilligsentralen .....	46
Kultur .....	47
Kulturskulen.....	48
Bibliotek.....	48
Landbruk.....	49
Plan, byggesak, oppmåling og miljø .....	50



Frå festkvelden i Austrheim i høve Grunnlovsjubileet 2014.

## Rådmannen sine kommentarer

Austrheim Kommune er ei relativt stor verksemd med 331 tilsette som til saman utfører 255 årsverk. Årsproduksjonen inneheld eit stort mangfald av tenester som er viktige for lokalsamfunnet vårt.

I tidlegare år har Austrheim kommune hatt relativt store og innhaldsrike årsmeldingar. I fjor vart det for første gong utarbeidd ei kortare årsmelding med fokus på økonomi og kort presentasjon av dei einskilde ansvarsområda. Dette vil bli fylgd opp i årsmeldinga for 2014 med nokre utvidingar.

Økonomisk sett har 2014 vore eit dårleg år, med rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 5.151.430,-. I opprinneleg budsjett vart det budsjettert med at kr. 2.329.000,- skulle dekkast av disposisjonsfond. Meirforbruket vert dekkja inn i 2015 ved bruk av disposisjonsfond.

Hovudårsaka til meirkostnaden var store kostnader med vedlikehald, kjøp av konsulenttenester, sosialhjelp og introduksjonsstønad, eit dyrt lønsoppgjer og store ekstra kostnader til vikar.

Det var opprinneleg budsjettert med kr. 92.619.000,- i skatteinngong for 2014, resultatet vart 84.590.000,-. Altså er skattesvikt på om lag kr. 8.000.000,-.

Skatteinntektene har vore så gode i forhold til landsgjennomsnittet i 2011, 2012 og 2013 at småkommunetilskotet fall bort. Med dårleg skatteinngong i 2014, kunne dette likevel bidra til at Austrheim fikk tilbake småkommunetilskotet i 2016, men pr. dato ligg vi 0,05% for høgt i snitt for åra 2012, 2013 og 2014 slik at vi må vente nok eit år før tilskotet er tilbake.

Budsjettet for 2015 gjev store utfordringar. Utfordringane er å redusere kostnadene slik at underskotet i 2015 vert minst mogeleg. Målet er å finne eit framtidig kostnadsnivå som ein kan leva med. Rådmannen har sett i gang eit forbettringsprosjekt for å oppnå balanse mellom inntekts- og utgiftsside i budsjettet. Sjølve prosjektet vil gå over tre år, med klare krav til effekt på budsjetta undervegs.

Fylkesmannen har uttrykt skepsis til kommunen sitt høge investeringsnivå, og at dette kan gå utover kommunen si drift i framtida. Med utgangspunkt i økonomiplanen for perioden 2015 – 2018 meiner rådmannen at situasjonen er under rimeleg god kontroll, men 2015 vil uansett bli eit vanskeleg år med utgangspunkt i reduserte inntekter og eit driftsnivå som må justerast ned.

Med investeringar i 2014 har Austrheim kommune investert for 525 mill. kr for perioden 1986 til i dag. I 2014 vart utbygginga av vatn til Øyane det største prosjektet, i tillegg vart kystbarnehagen teken i full bruk.

Prosjekta « Austrheim heile livet» og « Saman om ein betre kommune» vart vidareført i 2014 og skal avviklast i 2015.

Austrheim 13.04.15


Jan Olav Osen  
Rådmann



## Politisk organisering

Kommunestyret	
Arbeidarpartiet:	Per Lerøy(Ordførar), Asbjørn Brandtun, Terje Håland, Merethe Rikstad Tresvik, Hardy Pedersen og Mariell Storebø Sundfjord
Kristeleg folkeparti:	Helge Dyrkolbotn(Varaordførar) og Knut Risnes
Senterpartiet:	Reidar Øksnes
Høgre:	Ernst Stellberg, Anita Soltveit, Ole Gustav Gullaksen, Morten Sognes og Nils Ove Vassdal
Venstre:	Liv Ulvøy og Torunn Helland Karlsen
Framstegsparitet:	David Sætre Ludvigsen
Det har vore fleire permisjonar og fritak for politikarar i 2014.	
Formannskapet	
Per Lerøy (Ap), Helge Dyrkolbotn(Krf), Reidar Øksnes (Sp), Ernst Stellberg(H) og Liv Ulvøy (V)	
I tillegg er det fylgjande utval i kommunen: Eldreåd, Ungdomsråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF), Kontrollutval, Administrasjonsutvalet og Landbruksfagråd.	

## Administrativ organisering



## Overordna mål og måloppnåing:

Austrheim kommune har desse måla som grunnlag for si drift.

- **Hovudmål 1 - Austrheim vil framleis vera eigen kommune**
  - Dei kommunale tenestene skal ha best mogleg kvalitet. Kostnadseffektivitet skal ikkje svekke kvaliteten på tenestene.
  - Utvikle gode kommunale leiarar og kommunalt tilsette gjennom kompetanseheving og god personalomsorg.
  - Få tilbake den økonomiske handlefridomen gjennom god økonomistyring.
  - Søkja å oppnå forpliktande interkommunalt samarbeid, der dette er mest tenleg
  - Syte for at politisk nivå til ei kvar tid har eit best mogeleg avgjerdsgrunnlag.
  
- **Hovudmål 2 - Austrheim vil leggje til rette for auka folketal**
  - Gjennom godt samarbeid med næringslivet vil vi leggje til rette for fleire arbeidsplassar.
  - Gjennom arealplanlegging og i god dialog med innbyggjarane, vil vi leggje til rette for eit differensiert bustadtilbod.
  - Gjennom ulike samarbeidstiltak vil vi leggje til rette for auka trivsel.
  
- **Hovudmål 3 - Austrheim vil vidareutvikla seg som ein livskraftig kommune**
  - Gjennom effektivisering, omstilling og modernisering gi best mogleg service og informasjon til innbyggjarane.
  - Få til ei utvikling som fokuserer på Austrheim som attraktiv og særeigen gjennom bruk av prosjektmidlar.
  - Marknadsføre og profilere Austrheim kommune i samarbeid med næringslivet og organisasjonane.
  
- **Hovudmål 4 - Austrheim vil utvikla endå betre kommunale tilbod**
  - Vi vil vidareutvikle og forbetre oppvekstvilkåra for barn og unge.
  - Vi vil vidareutvikle og forbetre pleie- og omsorgstenestene.
  - Vi vil vidareutvikle og forbetre dei andre kommunale tenestetilboda.
  - Vi vil prioritere rask og rettvis sakshandsaming for innbyggjarane.
  
- **Hovudmål 5 - Austrheim skal ha ei tenleg ordning for beredskap og samfunnstryggleik**
  - Beredskapsplanar skal til ei kvar tid vera oppdatert og kjent for impliserte aktørar
  - Gjennomføra øvingar regelmessig og ellers etter behov.
  - Sikre at risiko- og sårbarheitsanalysar vert ein naturleg del av planlegginga.
  - Sikre eit best mogleg nivå på brann- og redningstenesta
  - Søkje interkommunale samarbeid, der dette er tenleg for innbyggjarane.

### Måloppnåing:

#### **Hovudmål 1: Austrheim vil framleis vera eigen kommune**

- Austrheim har dette målet for si drift. Austrheim kommunestyre har likevel vedteke å delta i det regionale prosjektet om å sjå på kommunegrensene i regi av Nordhordland Utvikling.
- Austrheim kommunestyre har vedteke ny samfunnsdel i kommuneplanen. Der er denne måsettinga teken bort.

## Hovudmål 2: Austrheim vil leggja til rette for auka folketal

- Austrheim kommune hadde pr. 01.01.14, 2 833 innbyggjarar. Den 01.01.15 var innbyggjartalet 2 856, ein auke på 23 som utgjer 0,81% .
- Ein av strategiane i prosjektet "Austrheim heile livet," er bustad for alle. Målsetjinga er å få fram eit variert tilbod av ulike bustadtypar for dei ulike mål- og aldersgrupper i bustadmarknaden.
- Austrheim kommunestyre vedtok 18.12.13 å delta i tilflyttarprosjektet der målsetjinga er å få nederlandske innbyggjarar til kommunen. Ingen nye innbyggjarar er kome til Austrheim i 2014 gjennom det prosjektet.
- Austrheim kommunestyre har vedteke å ta imot flyktningar. Dette vil gje ei folkevekst på 34 personar når alle dei vedtekte flyktningane har kome til Austrheim. Det ligg føre ein førespurnad om ytterlegare mottak av flyktningar i 2015 og 2016.
- Det er sett i gang eit arbeid for å planleggja omsorgsbustader i Kaland/Fonnes-området.

## Hovudmål 3: Austrheim vil vidareutvikla seg som ein livskraftig kommune

- At kommunen vil framstå som ein offensiv kommune som tek i bruk moderne teknologi, vil bidra til ny rekruttering av unge arbeidstakarar.
- Det er teke i bruk elektronisk sending av sakspapir. Alle kommunestyrerepresentantane har fått lesebrett. Dette har redusert papirkostnadene og kostnader til porto. Kommunen må vurdere kva som skal nyttast etter valet.
- Det er brukt mykje midlar til lærlingar og TAF-elevar. I 2014 har Austrheim kommune 10 lærlingar i verksemda. Dette er positivt for utviklinga av kommunen og organisasjonen. I tillegg er det eit godt samarbeid med dei vidaregåande skulane om elevar frå TAF-linja med helsefagarbeidarar i Knarvik. Lokale rettleiarar gjer ein stor innsats for desse. Austrheim mottok tilskot frå KS med utgangspunkt i auke i lærlingar i 2014.
- Kommunen deltar i eit eiga nettverk i regi av KS, jfr. Prosjektet «Saman om ein betre kommune.» Prosjektet vil bli avslutta i 2015.
- Innan leiargruppa er det ei arbeidsgruppe for tiltak i "Saman er vi sterke." Dei har hatt ulike arrangement i 2014 som tilsette sluttar godt opp om. Dette er viktig for å byggja opp om den interne bedriftskulturen og identiteten mellom dei tilsette.



Endar regnbogane i Austrheim, eller?

#### Hovudmål 4: Austrheim vil utvikla endå betre kommunale tilbod

- Det var avsett midlar til arbeidet med å betre oppvekstvilkåra for barn og unge og ungdomskoordinatoren har fått fart i kommunen sitt arbeid med ungdommen. Denne stillinga er gjort fast. Ungdommens Hus vart innvia i 2014.
- Rådmannen meiner at målet om å få til ei rask og rettvis sakshandsaming er nådd. Oppmåling og byggesakshandsaming har hatt eit høgt aktivitetsnivå i året som har gått.
- Gjennomsnittsalderen på arbeidsstokken er høg. I den grad det har vore mogleg, har ein lagt til rette for gode seniortiltak, både ved tilrettelegging av arbeid, kursing og gode møteplassar. Kwart år vert det halde ei eiga samling for dei som fyller 60 år i året. Det er registrert mange medarbeidarar som er 55+. Det er samla mykje god kompetanse i denne gruppa, ein kompetanse det er viktig å halda på så lenge som mogleg.
- Personalarbeidet i kommunen vert av rådmannen vurdert til å vere godt, men var svekka i store deler av året grunna sjukdom. Trivselsfremjande fellestiltak vert gjennomførte med dei midlar som er stilte til rådvelde. Kommunen støttar opp om fleire tilsette si etter- og vidareutdanning gjennom ulike ordningar.



Aktive databrukarar på Seniorsenteret.

#### Hovudmål 5: Austrheim skal ha ei tenleg ordning for beredskap og samfunnstryggleik

- Beredskapsplanar vert oppdaterte minst ein gong kvart år.
- Øvingar vert gjennomført i samsvar med fylkesmannen sitt opplegg.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse er vedteke og no under revisjon. Kriseplanen vert jamnleg revidert og kriseleiinga møtest jamleg.
- Brann- og redningstenesta i kommunen er i hovudtrekk basert på frivillige. "Direktoratet for sikkerhet og beredskap" har stilt krav om 6 vekers grunnkurs. Austrheim kommune har gitt mange innan brannvernet denne kompetansen. I 2013 og 2014 hadde kommunen avtale med Radøy kommune om utleige av funksjonen .
- Kommunen deltek i mange interkommunale tiltak . Mellom anna Regionrådet for Nordhordland (Nordhordland Utvikling), Nordhordland IKT , Nordhordland Legevakt og Øyeblikkelig hjelp senger. I tillegg er kommunen med på mange ulike faglege arenaer.
- I 2010 starta arbeidet med Samhandlingsreforma opp ved at Regionrådet tilsette prosjektleiar på det området. Arbeidet vart vidareført i 2014. I samband med samhandlingsreforma vart det overført månadlege pengar til Helse Vest. Denne ordninga vart avvikla i 2014.



## Administrasjon

### Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av rådmannen med rådmannsgruppa, personalkonsulenten, servicekontoret og økonomikontoret med skattekontor. Ei viktig oppgave er å førebu og følge opp politiske saker til kommunestyret, formannskapet og ymse råd, utval og prosjektgrupper.

Handsaming av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile organisasjonen, er andre ressurskrevjande og viktige arbeidsoppgåver.

Assisterande rådmann var sjukemeldt i store delar av 2014.

Elektronisk politisk møtehandsaming via lese Brett til alle folkevalde vart vidareført i 2014. Dette for å redusere bruken av papir og portokostnadene.


Rådmannen held jamleg møte med organisasjonane, avdelingsleiarane og sakshandsamarane til møte i politiske utval.

### Politikk

Aktiviteten i dei sentrale folkevalde organa i Austrheim kommune 2013/2014:


Utval	Tal saker		Tal møte	
	2013	2014	2013	2014
Austrheim Kommunestyre	163	162	13	16
Austrheim Formannskap	272	276	21	21
Administrasjonsutvalet	11	7	2	1
Arbeidsmiljøutvalet	9	19	2	3
Eldrerådet	18	5	2	1
Kontrollutvalet	50	77	8	10
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	11	0	2	0
Valstyret	13	0	3	0

Tal møte i kommunestyre, formannskap, råd og utval i 2013 og 2014.




Austrheim kommune var den kommunen i landet som hadde flest kommunestyremøte i 2014. Oslo kommune på andreplass hadde 13 møte i bystyret.

## Tal saker i utvala i 2013 og 2014



Talet på politiske saker har vore relativt stabilt på eit høgt nivå. Dette skuldast stor aktivitet i kommunen. Av politiske saker kan nemnast økonomiplan for perioden 2015 – 2018, tertialrapport 1 og 2 med budsjettjustering, reguleringsplanar, kommuneplanarbeidet med samfunnsdel og mange store investeringstiltak. I tillegg har det vore store regionale saker til handsaming som t.d. Nordhordlandspakken, helsehus og kommunestruktur. Blant store investeringssaker kan nemnast Austrheim kystbarnehage og vatn til Øyane. Det har også i 2014 vore mange søknader om fritak og permisjon frå politiske verv.



Bilete frå legging av vatn til Øyane, Rebnord og Øksnes

## Samfunnsutvikling

Austrheim kommune har også i 2014 delteke i Nordhordland Utviklingsselskap der det gjennom Regionrådet vart arbeidd med mange store prosjekt. Her kan nemnast, Nordhordlandspakken, helsehus og kommunestrukturprosjektet.

Nordhordlandstinget har ikkje hatt møte i 2014.

Austrheim kommune har saman med Lindås kommune eit eiga samfunnsutviklingsprosjekt med fokus på Mongstad. Her er det tilsett ein næringssjef/samfunnsutviklar og eige prosjektmedarbeidar. Prosjektet har utarbeidd ein eigen strategiplan som er under revisjon.

Austrheim kommune har i mange år delteke i Nordhordland legevakt. I samband med helsereforma er det etablert 6 øyeblikkelege hjelp senger.



Frå arbeidet med vegen i kommunesentrum. Prosjektet var eit samarbeid mellom kommunen og Mastrevik Torg. Noko av prosjektet vart betalt av regionale midlar. I 2015 vil parken bli opparbeidd. Fylkeskommunen har løyvt 0,5 mill til parken frå sine midlar til sentrumsutvikling.

## Økonomisk oversyn


### Utviklingstrekk i driftsrekneskapen (i heile tusen kroner)

Økonomisk oversikt - drift	Rekneskap 2 010	Rekneskap 2 011	Rekneskap 2 012	Rekneskap 2 013	Rekneskap 2 014	Avvik 2013-14
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>						
Brukerbetalinger	11 328	12 050	12 297	12 407	13 036	5,1
Andre salgs- og leieinntekter	12 176	12 870	13 436	14 213	14 607	2,8
Overføringer med krav til motytelse	44 413	37 164	39 919	41 005	37 238	-9,2
<b>Rammetilskudd</b>	<b>39 020</b>	<b>61 407</b>	<b>65 401</b>	<b>68 234</b>	<b>70 529</b>	3,4
Andre statlige overføringer	4 005	1 683	1 511	2 073	6 480	212,6
Andre overføringer	15	11	3	0	100	
<b>Skatt på inntekt og formue</b>	<b>78 176</b>	<b>75 512</b>	<b>81 797</b>	<b>84 311</b>	<b>84 590</b>	0,3
Eiendomsskatt	12 814	12 949	11 354	12 608	12 608	0,0
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-	-	
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>201 947</b>	<b>213 645</b>	<b>225 719</b>	<b>234 851</b>	<b>239 188</b>	1,8
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>						
Lønnsutgifter	113 290	123 325	129 593	134 323	145 416	8,3
Sosiale utgifter	28 630	31 438	32 612	36 244	38 994	7,6
Lønn og sosiale kostnader	141 920	154 764	162 205	170 567	184 410	5,2
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	26 956	25 714	25 853	27 843	27 504	-1,2
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	6 675	7 875	9 315	9 298	11 635	25,1
Overføringer	10 312	10 143	16 427	13 598	15 637	15,0
Avskrivninger	8 853	10 079	10 507	11 003	12 084	9,8
Fordelte utgifter	-	-	-	-	-	
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>194 716</b>	<b>208 575</b>	<b>224 307</b>	<b>232 310</b>	<b>251 270</b>	8,2
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>7 231</b>	<b>5 069</b>	<b>1 413</b>	<b>2 541</b>	<b>-12 082</b>	-575,5
<b>FINANINNTEKTER</b>						
Renteinntekter og utbytte	4 939	5 819	5 787	5 367	5 283	-1,6
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	
Mottatte avdrag på utlån	446	153	101	108	57	-47,0
Sum eksterne finansinntekter	5 385	5 972	5 888	5 475	5 340	-2,5
<b>FINANSUTGIFTER</b>						
Renteutgifter og låneomkostninger	3 748	5 727	5 085	4 689	5 067	8,1
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-	-	-	-	-	
Avdrag på lån	6 308	7 698	8 068	8 864	7 312	-17,5
Utlån	103	152	118	75	77	2,8
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>10 159</b>	<b>13 577</b>	<b>13 271</b>	<b>13 628</b>	<b>12 456</b>	-8,6
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-4 774</b>	<b>-7 605</b>	<b>-7 382</b>	<b>-8 154</b>	<b>-7 116</b>	-12,7
Motpost avskrivninger	8 853	10 079	10 507	11 003	12 084	9,8
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>11 310</b>	<b>7 544</b>	<b>4 537</b>	<b>5 391</b>	<b>-7 114</b>	-232,0
<b>INTERNE FINANSTRANSAKSJONER</b>						
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	570	-	-	5 895	12	
Bruk av disposisjonsfond	1 533	302	6 065	369	2 752	646,8
Bruk av bundne fond	1 805	768	998	647	2 074	220,8
Bruk av likviditetsreserve	-	-	-	-	-	
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>3 908</b>	<b>1 069</b>	<b>7 063</b>	<b>6 910</b>	<b>4 838</b>	-30,2
Overført til investeringsregnskapet	11 079	5 799	4 562	4 934	50	-99,0
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	-	-	-	-	-	
Avsatt til disposisjonsfond	3 543	2 588		5 904		-99,8

			134		12	
Avsatt til bundne fond	596	226	1 009	1 451	2 802	93,1
Avsatt til likviditetsreserven	-	-	-	-	-	
<b>Sum avsetninger</b>	<b>15 218</b>	<b>8 613</b>	<b>5 705</b>	<b>12 289</b>	<b>2 864</b>	<b>-76,7</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>5 895</b>	<b>12</b>	<b>-5 140</b>	

## Driftsinntektene

Totalt har inntektene auka med 1,8 % i 2014 i forhold til året før. Dette er ein auke på ca. 4,3 millionar kroner. I 2013 var denne auken på 4 %, noko som utgjorde ca. 9,1 millionar kroner. På landsbasis har driftsinntektene auka med 3,5 % i 2014. Det er nesten ein dobbel så stor auke som Austrheim kommune har. Utviklinga i driftsinntektene dei siste 5 åra er vist grafisk nedanfor.



Ser vi nærare på dei ulike inntektspostane som utgjer driftsinntekter, ser vi at det er ein auke i brukarbetalingar med 5,8 %. Auken skuldast i hovudsak brukarbetaling for kommunale tenester og det har også vore ein liten auke når det gjeld brukarbetaling sjukeheim.


Andre sals- og leigeinntekter, har auka med 2,8 %. Overføring med krav til motyting er redusert med 9,2 %. Reduksjonen skuldast først og framst kompensasjon moms i investeringsregnskapet. I 2013 var det siste gong denne posten blei ført i driftsregnskapet. Rammetilskotet har auka med 3,4 % i forhold til forrige år. Dette er ein normal auke.

Andre statlege overføringar har auka med heile 212,6 %. Dette skuldast at vi har tatt imot fleire flyktingar i forhold til året før.

Skatt på inntekt og formue har auka med 0,3 %, men ifølgje opprinneleg budsjett var det forventa at skatteinntektene skulle bli ca. 8 millionar kroner meir. På grunn av innstramningar i oljesektoren med oppseiingar av arbeidsplassar på Mongstad, har vi ikkje nådd budsjettet. Som fylgje av at vi har hatt lavare skatteinntekter i 2014 enn budsjett, har også inntektsutjamninga blitt redusert med ca. 2,6 millionar kroner. Netto svikt på skatteinntekter er derfor 5,4 millionar kroner.

## Skatteinntektene

Diagrammet under viser utviklinga i skatteinntektene (utan at inntektsutjamning er tatt med) akkumulert pr. månad i 2014.




Når det gjeld eigedomsskatt, er det inga endring i forhold til 2013.

Vi kan då konkludere med at ei av hovudårsakene til den totale låge inntektsveksten i forhold til 2013, gjeld svikt i skatteinntektene. Når det er sagt, er budsjetterte driftsinntekter i 2014 omtrent på same nivå som verkelege driftsinntekter i 2013. Dette skuldast hovudsakelig inntekter som gjeld overføringar med krav til motyting. Her har inntektene vore 7,3 millionar kroner meir enn det som var budsjettert. Dette skuldast at vi har hatt høgare inntekter når det gjeld refusjon frå staten, refusjon sjukelønn, refusjon fra fylkeskommunen og refusjon fra andre.



## Driftsutgiftene

På landsbasis har driftsutgiftene auka med 4,6 %. I Austrheim kommune har driftsutgiftene auka med 8,2 %. Det er en auke på ca. 19 millionar kroner, og eit negativt avvik i forhold til opprinneleg budsjett med ca. 13,4 millionar kroner. I forhold til revidert budsjett er det ei overskriding på 10, 2 millionar kroner. Nedanfor er det sett opp eit diagram over driftsutgiftene dei siste 5 åra.



Lønn og sosiale utgifter utgjør ein betydeleg del av driftsutgiftene. I 2014 utgjorde lønn og sosiale kostnader 73,4 % av totale driftskostnader. Dette utgjør 184,4 millionar kroner av dei totale driftsutgiftene. Vi ligg godt over landsgjennomsnittet og også ein del over dei kommunane som det er naturleg å samanlikne oss med.

Auken frå 2013 til 2014 er på 5,2 %. I forhold til revidert budsjett er det ei overskriding på 2,2 millionar kroner. Nedanfor er det sett inn diagram over lønn og sosiale utgifter dei siste åra. I tillegg er det sett opp lønn i prosent av totale driftsutgifter for Austrheim kommune og for heile landet. I åra framover må det vere ei klar målsetting å nærme seg dei kommunane som det er naturleg å samanlikne seg med.



Kjøp av varer og tenester som inngår i tenesteproduksjonen har gått ned med 1,2 % i forhold til 2013. Betydelege postar under denne hovedgruppa er undervisningsmaterieil, matvarer, transport, energi, avgifter, gebyr, lisensar, byggtjenester og vedlikehald.

I forhold til revidert budsjett er det ei overskriding på 27,7 %. Det utgjær ca. 6 millionar kroner. Dei største negative avvika under denne posten er undervisningsmaterieil, matvarer, anna forbruksmaterieil, annonsar, reklame, informasjon, oppgavepliktige godtgjersle, transport, inventar, utstyr, vedlikehald, serviceavtalar og konsulenttenester. Budsjettet har bore preg av kostnadsreduksjon i forhold til året før, noko vi ikkje har klart å gjennomføre.

Kjøp av varer og tenester som erstattar tjenesteproduksjonen har hatt ein stor auke i forhold til førre år med 25,1 %. Postar som inngår i denne gruppa er kjøp frå staten, fylkeskommunen, kommunar, andre og kjøp fra IKS. Det er størst auke når det gjeld kjøp frå kommunar og andre.

I forhold til revidert budsjett er det ei overskriding på 1,9 millionar kroner. Det vil sei 19,3 %. Overskridingane gjeld dei same postane ovanfor som har auka mest i forhold til forrige år.

Overføringar har auka med 15 % i forhold til 2013. Dette er nesten i tråd med justert budsjett.

Avskrivningane har auka med 9,8 %. I forhold til budsjett er det ein auke på 19,3 %. Dette spelar inga rolle for sluttresultatet då avskrivningar vert trekt ut igjen før netto driftsresultat vert berekna.

#### **Finanspostane**

Resultat eksterne finansransaksjonar er redusert med 12,7 % i forhold til forrige år. Dette skuldast hovedsakeleg at vi har redusert avdraga. Dette er ein styrt reduksjon ved at vi kun har betalt avdrag i forhold til det som er krav til minsteavdrag.

#### **Brutto driftsresultat**

Brutto driftsresultat, ca -12,1 millionar kroner, seier noko om resultatet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er tatt med. I netto driftsresultat (minus kr. 7,1 mill.) er finanspostane med, medan avskrivningane er «nulla» ut.

#### **Resultatmargin**

Netto driftsresultat er eit mykje brukt måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Det har i alle år vore operert med at ein sunn kommuneøkonomi inneber driftsmargin på minimum 3 % av brutto driftsinntekter. For Austrheim kommune ville dette utgjere ca. 7,2 mill. kr. I 2014 er netto driftsresultat på ca. minus 7,1 mill.kr. Dette utgjær ca minus 3 % og er ein nedgang 5,3 % i forhold til 2013. I åra framover må det arbeidast hardt med å redusere utgiftene. Vi er alt i gang med den prosessen i 2015.

I Fylkesmannen sitt budsjettsskriv for 2015, skriv han dette om det endra måltallet for driftsrekneskapet.

*Kommunane er i tidlegare år tilrådd å ha eit netto driftsoverskot i prosent av driftsinntektene på minst tre prosent, basert på prinsippet om formuebevaring. Momskompensasjon frå investeringar har til og med 2013 vore inntektsført i driftsrekneskapen. Frå og med 2014 blir momskompensasjonen frå investeringar i staden inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.*



*På denne bakgrunn har Det tekniske beregningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi i sin rapport frå november 2014 redusert det tilrådde nivået for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, frå 3 prosent til 1 ¾ prosent for kommunane generelt ( for fylkeskommunane er det tilrådd eit høgare nivå som følgje av ansvar for tidlegare riksveggar).*

*Tilrådinga er no knytt til kommunekonsern og ikkje som tidlegare til kommunekasse.*

*Nivået på 1 ¾ prosent for netto driftsoverskot er eit tilrådd minstenivå frå utvalet. Fylkesmannen si vurdering er at ei målsetjing om eit noko høgare netto driftsoverskot enn 1 ¾ prosent vil vere positivt med sikte på å kunne handtere svingingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.*

*Vi ser det som føremålstenleg at kommunane har eit høgare netto driftsoverskot enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å ha buffer til å møte økonomiske utfordringar.*

### **Rekneskapsmessig resultat**

Regnskapsmessig resultat er det som er igjen av netto driftsresultat etter fondsavsetningar og andre årsoppgjersdisposisjonar, og fortel om kommunestyret sin planlagte pengebruk og forventa inntekter (budsjett) og faktiske inntekter (regnskap). Driftsregnskapet for 2014 viser eit meirforbruk på nærare 5,2 millionar kroner. I 2013 var det et mindreforbruk på 12 tusen kr.



Eit flott bilete frå sjøfartskommunen Austrheim. Biletet er frå Fonesdagen 2014.

## Driftsavvik fordelt på ansvarsområde

Rammeområde	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Justert	Rekneskap	Budsjett	Endring
	2011	2012	2013	Budsjett 2014	2014	avvik i %	rekneskap 2013 - 2014
100 Rådmann	19 138	21 331	15 951	15 929	16 794	5,4	5,3
101 Politisk styring og kontrollorgan	-	-	3 061	3 110	2 971	-4,5	-2,9
190 Interne serviceeiningar til fordeling	-	-	3 780	4 162	4 530	8,8	19,8
200 Administrasjon undervisning	807	1 034	1 083	1 215	1 196	-1,6	10,4
201 Familiekontor	7 299	7 776	8 440	8 184	10 093	23,3	19,6
210 Årås skule	18 691	19 558	20 676	22 056	22 225	0,8	7,5
211 Kaland skule	10 779	11 490	12 067	12 387	12 830	3,6	6,3
220 Austrheim kystbarnehage	8 436	9 041	10 384	12 529	12 753	1,8	22,8
221 Kaland barnehage	5 385	6 990	7 419	8 252	8 679	5,2	17,0
250 Musikk- og kulturskule	1 218	1 305	1 333	1 517	1 477	-2,6	10,8
251 Bibliotek	1 227	1 267	1 267	1 386	1 428	3,0	12,7
255 Anna kultur	1 591	2 057	2 042	2 399	2 292	-4,5	12,2
290 Undervisning og arbeidssenter	1 763	1 828	1 836	1 972	1 815	-8,0	-1,1
300 Administrasjon helse og sosial	447	539	452	447	498	11,4	10,2
301 Helsetjeneste	5 098	5 616	6 028	6 881	7 325	6,5	21,5
302 Sosiale tjenester	2 357	2 257	2 381	2 163	2 722	25,8	14,3
330 Nordliheimen	18 085	19 969	20 551	21 400	21 989	2,8	7,0
331 Kjøkken Nordliheimen	3 512	3 278	3 360	3 384	3 588	6,0	6,8
332 Heimetjenester I	8 115	8 849	8 894	9 168	9 930	8,3	11,6
333 Heimetjenester II	8 295	6 111	7 559	7 426	7 281	-2,0	-3,7
500 Plan, byggesak, miljø	3 235	2 947	1 923	2 128	2 383	12,0	23,9
501 Interkomm.landbruk/veterinær	-	-	547	950	668	-29,7	22,1
600 Administrasjon teknisk	1 163	1 612	-384	-1 105	-1 339	21,2	248,7
604 Eigedomsavdeling	7 779	7 855	8 946	8 378	9 005	7,5	0,7
605 Reinhaldsavdeling	5 280	5 227	4 931	4 842	5 481	13,2	11,2
<b>TOTALT</b>	<b>139 700</b>	<b>147 938</b>	<b>154 524</b>	<b>161 160</b>	<b>168 614</b>	<b>4,6</b>	<b>9,1</b>

### Avvik i forhold til budsjett 2014

Samla meirforbruk var 4,6 %. Dette vil sei ei total overskriding på driftsområda med ca. 7,5 millionar kroner.

Område med vesentlege avvik i forhold til budsjett er avdeling 100-190 ( rådmann, politisk styring og interne serviceiningar). Her er det et negativt avvik i forhold til budsjett med ca. 1,1 millionar kroner. Avviket skuldast lønn, stillingsannonsar og IT.

Familiekontoret har ei stor overskriding på 1,9 millionar kroner. I hovudsak gjeld dette store uforutsette utgifter til barnevernet.

Skulane har tilsamen et underskot på ca. 600 tusen kroner, mens barnehagane har eit underskot på 650 tusen kroner.

Helseteneste har eit underskot på nesten 450 tusen kroner. Dette skuldast i hovudsak tenestekjøp frå andre kommunar og mindre statstilskot.

Sosiale tenester har ei overskriding på 560 tusen kroner. Tilskot til livsopphald er bl.a årsak til dette.

Pleie og omsorg som er Nordliheimen, kjøkken Nordliheimen, Heimetjeneste I og heimetjeneste II, har til sammen et underskot på ca. 1,4 millionar kroner. Avviket skuldast i hovudsak brukarbetaling, kjøp av matvarer, lønn reinhaldarar, lønn vikarar, overtid, og annan lønn.

Teknisk administrasjon, egedomsavdeling og reinhaldsavdeling har brukt noko over 1 million kroner meir enn budsjett. Dette gjeld kostnadsoverskridingar på mellom anna egedomsavgifter. I tillegg er det inntektssvikt når det gjeld gebyr og husleige. Det er også overskridingar når det gjeld vedlikehald, lønn og rengjeringsmidlar.

Som det går fram av tabellen ovanfor, er det nokre avdelingar som har overskot, dei vert ikkje kommentert her.

### **Utviklinga i utgifter frå 2013 til 2014**

Driftsutgiftene auka med ca. 14,1 millionar kroner i 2014. Dette er ein auke på 9,1 % som er alt for høgt i i forhold til auken i driftsinntektene.

### **Investeringsregnskapet**

Dei totale investeringane i anleggsmidlar var brutto på nærare 24 millionar kr. i 2014.

Dei største investeringane er rehabilitering, Ungdommens hus, vegprosjekt Kommunehus-Mastrevik torg og vatn og avløp til Øyane.

Investeringane er finansiert med bruk av lån på ca. 19,7 millionar kroner. Låneopptaket i 2014 har vore på 15,3 millionar kroner. Det vil sei at kommunen i tillegg til årets låneopptak, har brukt 4,4 millionar kroner av tidlegare års låneopptak.

### **Balanseregnskapet**

Totalkapitalen er auka med kr. 27,2 mill. kr., i prosent er det 3,7 %.

Anleggsmidlar består av faste eigedommar, utlån, interne langsiktige fordringar, aksjar, andelar og pensjonsmidlar.

Anleggsmidlane har auka med 35,5 millionar kroner. Dette er 5,4 % auke i forhold til førre år. Auken skuldast bl.a ulike investeringsprosjekt som Ungdommens hus, vegprosjekt, vatn og avløp. Innskot i pensjonsmidlar har og auka.

Omløpsmidlane består av kortsiktige fordringar, konserninterne kortsiktige fordringar, premieavvik og bankinnskot. Omløpsmidlane er blitt redusert med ca. 8,4 millionar kroner. Dette er ein nedgang på 11,6 %. Nedgangen skuldast i hovudsak bankinnskot. Nedgang i bankinnskot må sjåast i samanheng med at storleiken på lånemidlar er gått ned. Lånemidlar blir plassert i bank før vi brukar dei. I år har vi brukt det vi har lånt dette året, og av midler som tidligere har vore lånt. Midlane har vore plassert i banken. I tillegg har det negative resultatet redusert likviditeten.

Eigenkapitalen er blitt redusert med ca. 6 millionar kroner som utgjer 3,5 %. Dette har samband med det regnskapsmessige meirforbruket og netto endringar i fond og kapiatlkonto som er negativ.

Langsiktig gjeld består av pensjonsforpliktingar og andre lån (Husbanken og Kommunalbanken). Langsiktig gjeld er auka med 31 mill. Dette er en auke på 6,0 %. Pensjonsforpliktelsar har auka med kr. 23 mill. og andre lån har auka med over 8 millionar kroner. Når det gjeld andre lån, er det i 2014 tatt opp lån i Husbanken med ca. 1,6 millionar kroner. i Kommunalbanken er det tatt opp lån på ca. kr. 15,3 millionar kroner. Som det går fram av driftsrekneskapet og investeringsrekneskapet, er det i 2014 betalt avdrag på lånegjeld med kr. 8,8 millionar kroner.

Kortsiktig gjeld har auka med kr. 2,2 millionar kroner Det er en auke på 5,4 %. Kortsiktig gjeld består av annan kortsiktig gjeld (avsette feriepengar, arbeidsgjevaravgift feriepengar, moms og diverse utgifter), konsernintern kortsiktig gjeld (forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, lønn og leverandørgjeld) og premieavvik. Hovedårsak til auken gjeld auken i leverandørgjeld.

## Økonomi samanlikna med andre

Økonomiske nøkkeltall fra Austrheim samanlikna med landsgjennomsnittet						
	Austrheim 2010	Austrheim 2011	Austrheim 2012	Austrheim 2013	Austrheim 2014	Landet 2014
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	200,3	207,9	212,6	221,8	231,5	201,8
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	27,8	22,4	16,8	9,1	2	12
Frie inntekter i kroner per innbygger	42021	49322	51958	53846	54313	49322

I langsiktig gjeld inngår både vanleg lånegjeld og framtidige pensjonsforpliktingar til tilsette i kommunen. Pensjonsforpliktingar utgjer ca. 57 % av den langsiktige gjelda. Nivået på pensjonsforpliktingane er berekna etter statelege reglar.

Arbeidskapitalen (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til riktig tid.

Frie disponible inntekter fortel noko enkelt sagt om kor mykje av overføringane gjennom inntektssystemet som ikkje er bunde opp til dei vanlege lovpålagte driftsoppgåvene.

Netto lånegjeld, som er renteberekna, har auka ein del fra året før.

## KOSTRA-samanlikningar

Nedenfor vert det vist statistikkar som viser utvikling i tal innbyggjarar i Austrheim kommune dei siste åra.

Statistikkar for netto driftsutgifter for ulike tenester i % av totale netto driftsutgifter, vert og vist frå dei siste åra og er samanlikna med resten av landet.

Tabellane er henta fra heimesida til Statistisk Sentralbyrå (SSB).

Når det gjeld endringa i innbyggjartalet frå 2013 til 2014, har det auka med 7 personar når det gjeld menn og 16 personar når det gjeld kvinner. Toalt er dette en auke på 23 personar og utgjør 0,8 %.

Når det gjeld netto driftsutgifter pr. brukar målt i % av totale netto driftsutgifter, for dei ulike tenestene, er dei største endringane frå 2013 til 2014 fylgjande:

- Administrasjon og styring er redusert frå 10,7 til 9,7.
- Sosialteneste har auka fra 1,7 til 2,8.
- Barnevern har auka fra 2,6 til 3,1.
- Kultur har auka fra 4,9 til 5,5.




Deltakarar i HavTri under Havsportveka 2014. Symja, sykla og springa, mellom anna dette var med og skapa folkefest.

Innbyggjarar i		2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Austrheim pr.1.1												
<b>Menn</b>	<b>0-4 år</b>	88	78	80	64	56	65	78	59	80	90	76
	<b>5-9 år</b>	82	93	97	100	102	100	87	85	74	62	75
	<b>10-14 år</b>	88	81	79	92	82	85	99	96	104	108	111
	<b>15-19 år</b>	87	86	95	94	93	92	83	81	92	85	92
	<b>20-24 år</b>	84	77	72	71	77	87	93	97	90	95	88
	<b>25-29 år</b>	77	73	68	59	64	84	78	85	82	76	79
	<b>30-34 år</b>	69	67	74	84	83	101	103	82	87	83	87
	<b>35-39 år</b>	82	87	82	75	76	98	110	127	120	111	96
	<b>40-44 år</b>	89	94	97	102	100	110	117	103	107	107	114
	<b>45-49 år</b>	83	74	75	93	100	117	121	119	120	112	107
	<b>50-54 år</b>	104	89	93	87	78	86	85	88	100	109	108
	<b>55-59 år</b>	94	106	101	98	111	102	91	95	86	80	86
	<b>60-64 år</b>	93	88	90	100	92	94	108	97	95	105	100
	<b>65-69 år</b>	58	66	79	83	84	92	85	85	95	90	90
	<b>70-74 år</b>	36	41	41	48	55	56	60	74	75	79	86
	<b>75-79 år</b>	32	34	33	32	31	30	33	37	41	46	47
	<b>80-84 år</b>	22	20	22	20	22	26	23	20	19	22	23
	<b>85-89 år</b>	14	14	12	11	11	12	12	10	9	9	11
	<b>90-94 år</b>	8	6	4	4	7	7	5	5	2	3	2
	<b>95-99 år</b>	2	3	2	2	1	2	1	0	1	1	2
	<b>100 år eller eldre</b>	0	0	0	1	0	0	0	0	0	0	0
	<b>Sum</b>	1292	1277	1296	1320	1325	1446	1472	1445	1479	1473	1480
<b>Kvinner</b>	<b>0-4 år</b>	66	68	72	72	64	64	68	67	84	80	83
	<b>5-9 år</b>	89	84	81	80	82	77	82	81	73	77	88
	<b>10-14 år</b>	95	86	83	82	87	92	88	91	89	86	78
	<b>15-19 år</b>	86	90	98	96	98	104	93	88	93	93	101
	<b>20-24 år</b>	65	59	54	64	59	60	74	86	85	93	82
	<b>25-29 år</b>	81	66	60	53	62	70	72	64	72	60	69
	<b>30-34 år</b>	60	63	68	78	82	87	86	79	75	90	78
	<b>35-39 år</b>	68	77	74	67	58	62	68	83	98	95	97
	<b>40-44 år</b>	79	71	76	82	76	83	95	87	71	70	71
	<b>45-49 år</b>	71	73	72	76	84	85	73	81	93	82	85
	<b>50-54 år</b>	91	83	80	80	76	78	79	79	80	91	89
	<b>55-59 år</b>	103	100	103	99	100	90	88	82	80	81	83
	<b>60-64 år</b>	79	85	88	100	101	108	105	105	97	99	92
	<b>65-69 år</b>	47	49	58	63	67	73	80	86	97	93	101
	<b>70-74 år</b>	40	46	50	44	40	43	48	55	59	63	67
	<b>75-79 år</b>	39	33	30	35	39	40	44	48	41	38	42
	<b>80-84 år</b>	41	43	37	36	30	32	28	26	30	31	30
	<b>85-89 år</b>	23	20	28	29	35	30	33	24	19	20	23
	<b>90-94 år</b>	10	9	10	11	9	12	12	19	18	18	13
	<b>95-99 år</b>	2	3	2	2	2	2	1	0	0	0	4

**100 år eller  
eldre**

	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
<b>Sum</b>	1235	1208	1224	1249	1251	1292	1317	1331	1354	1360	1376

<b>Totalt</b>	2527	2485	2520	2569	2576	2738	2789	2776	2833	2833	2856
---------------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------	------



Netto driftsutgifter for ulike tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Austrheim 2010	Austrheim 2011	Austrheim 2012	Austrheim 2013	Austrheim 2014	Alle 2014
Administrasjon og styring	11,2	10	10,7	10,2	9,7	7,4
Barnehage	2,2	10,7	12,6	12,5	14,9	14,9
Grunnskoleopplæring,	27,4	23,7	24,1	24,1	23,8	23,9
Helse og omsorg	37,2	35	37,8	36,1	36	36,6
Sosialtjeneste	1,6	1,7	1,6	1,7	2,8	5,5
Barnevern	2,7	2,4	2,1	2,6	3,1	3,3
Vann, avløp, renovasjon/avfall	0,0	0,6	-0,6	-0,9	-0,9	-0,5
Fys.planl./kult.minne/natur/nærmiljø,	3,0	2,8	1,9	1,7	1,7	1,2
Kultur	5,4	4,3	5,2	4,9	5,5	3,8
Kirke	2,0	1,9	1,9	1,9	1,9	1,1
Samferdsel	3,7	2,8	2,7	1,7	2,1	1,4
Bolig	0,9	-0,1	-0,2	-0,3	0,1	0
Næring	1,3	1,7	1,7	1,7	1,5	-0,2
Brann og ulykkesvern	2,1	1,9	1,7	1,4	1,5	1,4

## Oppvekst

Dette ansvarsområdet omfattar:

Skular (1-10):

Kaland barne- og ungdomsskule, Årås skule.

Barnehagar:

Austrheim kystbarnehage som vart delvis tatt i bruk frå 15 august, Kaland barnehage. Årås barnehage som vart nedlagt som barnehage rundt årsskiftet.

Familiekontoret:

Jordmorteneste, skulehelseteneste, psykiatriteneste, psykologteneste, PPT, Barnevern.


Vaksenopplæringa

Vaksne norske elevar, vaksne minoritetsspråklege elevar.

Eit overordna mål for dette ansvarsområdet, er å skape god ressursutnytting, og gode tilbod gjennom tverrfaglege samarbeidsordningar.

## Skular

Utvikling av elevtal i dei to skulekrinsane



Årstal	Kaland	Årås
2011	154	243
2012	156	242
2013	154	238
2014	157	230

Elevtalet i kommunen er stabilt.

Det vert satsa langsiktig på kunnskapsbaserte utviklingstiltak i samsvar med kommunen si Utviklingsmelding av 2013. Begge skulane ha vore gjennom tre innfasingsemester for skulebasert



kompetanseutvikling (SKU) - Utdanningsdirektoratet si satsing "Ungdomstrinn i utvikling". I Austrheim har vi også hatt med barnetrinnet ved dei to skulane i denne satsinga, der heile personalet vert involvert. Det er valt ut to satsingsområde i dette prosjektet: Klasseleiing m/vurdering for læring, og lesing. Den statlege støtta til dette går over tre semester – dvs. til ultimo desember 2014. Etter tre semester er det meininga at skulane skal føre arbeidet innan desse felte vidare gjennom gode systemiske utviklings-prosessar.

I Austrheim har vi valt å føre prosjektet vidare gjennom å delta i Vurdering for læring - pulje 6, som også er ei viktig skulebasert satsing finansiert frå Utdanningsdirektoratet. Dette får sin oppstart hausten 2015.

PALS (Positiv åtferd, støttande læringsmiljø og samhandling) er eit viktig verktøy i arbeidet mot mobbing. Pr. juni 2014 har begge skulane vore gjennom ein 3-årig innføringsfase med del 1 av dette programmet.

Realfag er eit satsingsområde gjennom eit fast formalisert samarbeid med Austrheim vidaregåande skule og Statoil Mongstad.

Begge skulane utviklar seg etter prinsippa for lærande organisasjonar.

#### **Vidareutdanning:**

5 lærarar tok del i vidareutdanning i 2014

4 i faget matematikk

1 i faget engelsk

#### **Måloppnåing for skulane:**

- Skulane måler dette kvart år gjennom
- Nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5.trinn, 8. trinn og 9.trinn
- Elevundersøkinga på 7.trinn og 8.trinn, som m.a. gir tilbakemelding på trivsel, mobbing, og lærarane sin vurderingspraksis
- Årleg lokal mobbeundersøking
- Eksamensresultat, sluttvurdering ved 10.klasse, og grunnskulepoeng for avgangselevane.

Måloppnåinga vert analysert på kvar skule, ved hjelp av analyseverktøyet PULS. Verktøyet gjer det mogeleg å sjå samanhengar mellom dei ulike målingane. Dette vert lagt til grunn for refleksjon over praksis, og strategi for utvikling og endring av praksis.

Resultata vert gjennomgått i skulesektoren sin årlege tilstandsrapport primo september.

#### **Kaland barne- og ungdomsskule**

- vidarefører implementeringa av SOL (systematisk oppfølging av leseing) på alle trinn. Vekt på lesekompetanse i alle fag.
- vart ein del av Trivselsprogrammet i 2014 - har såleis utdanna elevar til aktivitetsleiarar i friminuttane.
- deltar, saman med 7 andre skular i Europa, i eit Comeniusprogram: «Ei sunn sjel i ein sunn kropp.» Lærarar og elevar frå alle 8 skulane har vore på vitjing hjå kvaranadre.

#### **Tilsette Kaland barne- og ungdomsskule:**

- 18 lærarårsverk fordelt på 19 lærarar, ingen ufaglærte.
- Adm: 70%+50% fordelt på rektor og inspektør
- Rådgjevar 20% av lærarstilling
- 50% kontorfullmektig.
- Assistentar: 4,8 årsverk fordelt på 5 tilsette i skulen og SFO.
- 1 vaktmeister og 4 reinhaldarar.

## Årås skule

### Årås skule sine satsingsområde i perioden 2014-2017

- **Skule- heim samarbeid** - "Saman om ein god skule", med deltakande foreldre.
- **Læringsmiljø i sentrum** - Trygt læringsmiljø gjennom god klasseleiing, og rettleiande vurderingspraksis.
- Skulen deltar i trivselsprogrammet, med elevar som er utdanna som aktivitetsleiarar i friminuttane.
- **Betre læring** - elevdeltaking, SOL (systematisk observasjon av lesing på alle trinn), og arbeide systematisk med lesing i alle fag. Utvikle klasseleiingskompetanse gjennom kollegarettleiing, og utvikle gode vurderingsrutinar (Vurdering for læring)
- **Betre relultat** - Utvikle gode dokumenteringsrutinar og god analysekompetanse hjå lærarane gjennom bruk av analyseverktøya PULS og VOKAL. VOKAL gir tilbakemelding om korleis elevane meistrar, heilt ned til individnivå.
- Omsetje resultatforståinga til praksis i klasserommet.

### Tilsette Årås skule:


- 27,8 lærarårsverk fordelt på 32 lærarar
- Assistentar: 7,3 årsverk fordelt på 8 tilsette i skulen og SFO
- 4 reinhaldarar (to årsverk)
- 83% kontorfullmektig
- Vaktmeister 35%

Talet på tilsette er stabilt ved begge skulane over mange år, og avspeglar såleis det stabile elevtalet vi ser i diagramma i starten av kapitlet.



## Spesialundervisning

Utvikling av prosent elevar som får spesialundervisning i kommunen



Grafen viser ein situasjon som er utfordrande. 14,4 % av elevane har fått enkeltvedtak om spesialundervisning dei to siste åra. Det utgjør 57 elevar – eller to heile klassar. Her er små variasjonar mellom skulane, og 77% av desse elevane er gutar. Merk at grafen seier ikkje noko om timetalet som går med til spesialundervisning. Her kan det vere store variasjonar frå elev til elev. Det er sett i gang eit tverrfagleg arbeid, der ein ynskjer å auke kvaliteten på den ordinære undervisninga slik at fleire elevar kan få tilpassa opplæring innafor dei rammene skulen disponerer. Målet er å redusere talet på elevar med spesialundervisning - ned mot 6% av elevane i første omgang. Dette er ei utfordring dei fleste kommunane i landet slit med, men mange kommunar har etter kvart funne løysingar som reduserer talet på enkeltvedtak om spesialundervisning kraftig. Dette har dei fått til samstundes som dei registrerer eit betre læringsutbyte hjå dei elevane som får tiltaksplan I standenfor enkeltvedtak om spesialundervisning. Eit normalt reelt nivå bør liggje på 4-5% i ein kommune. Dette blir eit stort systemisk arbeid som vil involvere alle partane i skulen. Vi tar sikte på å starte omlegginga f.o.m. skuleåret 2015/2016.


I tillegg må ein ha i mente arbeidet som no er i gang knytt til tidleg innsats i barnehagane og i skuleløpet (Jfr La linea). PPT skal arbeide meir systemretta saman med barnehagane og skulane, og slik dra nytte av å sjå samanhengar i oppveksløpet som kan kome barna til nytte. Målet er at PPT får kome tidleg inn med rådgjeving i høve tiltaksvurdering og organisering, og bidra til eit godt utviklingsarbeid både i barnehagane og i skulane.

## Skulefritidsordning

Skulefritidsorninga (SFO) er eit tilsyns- og omsorgstilbod for barn på 1 - 4. trinn før og etter skuletid. Det er etablert slik ordning ved begge skulane i skuleåret. Tilbod ut over skuleåret (feriane) er lagt til Kaland barne- og ungdomsskule, som eit felles tilbod for begge skulekrinsane.

## Barnehagar

### Utvikling av barnetal i dei to barnehagane



Grafen viser stabile tal for Kaland barnehage. Vi ser at talet aukar f.o.m. 2013 for Austrheim kystbarnehage. Noko av forklaringa kjem av at dei fekk auka kapasitet ved innflytting i ny barnehage, som starta gradvis ultimo august 2013. (Årås barnehage før 2013).

I 2014 innførte Austrheim kommune to barnehageopptak pr. år, med søknadsfristar 01. mars og 01. september.

Hovudsatsingsområde for tidleg innsats i begge barnehagane: Språk, kommunikasjon, sosiale ferdigheiter (vennskap, mobbing, etc) og «De utrolige årene» (DUÅ). Det siste handlar om å gi vaksne god kompetanse i å kommunisere med barna, og det å skape høg kvalitet på relasjonar mellom vaksne og barn. Barna får også auka sosial kompetanse og auka respekt for kvarandre som individ. Begge barnehagane ser god effekt av DUÅ.

Ein ser den gode effekten av DUÅ m.a. på følgjande måtar:

- merkbar nedgang i meldingar til PPT som går på åtferdsrelaterte vanskar.
- ein roleg atmosfære i barnehagen
- mindre mobberelatert åtferd
- 

Talet på minoritetsspråklege barn er aukande. Dette kjem av arbeidsinnvandring, familiegjenforening og at kommunen har tatt imot flyktingar dei to siste åra.

Det ser ut for at den totale barnehagekapasiteten i kommunen er god nok førebels. Kaland barnehage er full, medan Austrheim kystbarnehage har litt å gå på. Dette vil vere situasjonen også neste år.

Begge barnehagane fungerer som lærande organisasjonar, og arbeider målretta med å utvikle seg som det. Dei skal delta i eit regionalt barnehagebasert utviklingsarbeid med fokus på leiing og kvalitetsutvikling med fokus på eigen pedagogisk praksis. Dette startar våren 2015, og skal gjennom fire samlingar med mellomperiodar involvere alle tilsette. I dette arbeidet skal det opprettast regionale kompetansenettverk der barnehagane kan finne seg samarbeidspartar frå andre kommunar i regionen. Utviklingsarbeidet er i regi av Nordnordland kursregion, og leia av Conexus, som er leiande på kvalitetsutvikling i lærande organisasjonar. Dette arbeidet vil vere det viktigaste overordna satsingsområdet knytt til tidleg innsats i barnehagane, og eit sterkt bidrag til å foredle den DUÅ-praksisen som alt er etablert.

I mai 2014 vart det gjennomført tilsyn i begge barnehagane, med tema "Barns medverknad". Tilsynet vart gjennomført i samsvar med regional tilsynsplan, og utført av kommunalsjef og ein barnehagefagleg person frå ein annan kommune. Tilsynet rapporterte følgjande konklusjon for begge barnehagane:

*"Det er tilsynsorganet sitt syn at årsplanane er i samsvar med intensjonane i lov og rammeplan. Vi ser også at medverknad gjennomsyrrer praksis i dei ulike avdelingane i barnehagen. DUÅ er eit viktig verkty for å få dette til, og vi ser at leiingssignala er godt distribuert ut i avdelingane og til alle tilsette."*

### **Austrheim kystbarnehage (AKB):**

Februar 2014 var alle avdelingane på plass i den nye barnehagen. AKB har totalt kapasitet til 144 plassar. Desember 2014 hadde AKB 97 barn fordelt på 126 plassar.

Tilsette pr. des. 2014: Totalt 29 årsverk fordelt på 35 tilsette. Tal pedagogar: 12. Administrasjon: 2

### **Kaland barnehage:**

Denne barnehagen har i utgangspunktet kapasitet til 94 plassar. Pr. desember 2014 hadde Kaland barnehage 73 born fordelt på 94 plassar.


Tilsette: 22,6 årsverk fordelt på 27 tilsette. Tal pedagogar: 10 Administrasjon: 1,4 årsverk.

## Familiekontoret

Familiekontoret er ei tverrfagleg avdeling som består av Psykisk helseteneste, PPT m/logoped, Barnevern, Skulehelseteneste og Jordmorteneste. Familiekontoret er ei samorganisering av tenester som primært rettar seg mot barn, unge og familiar.

### Helsestasjon og skulehelsetenesta

#### Oversyn over fødde barn i Austrheim 2011-2014



Grafen viser tal barn som er fødde dei fire siste åra. I 2014 er det eksakte talet 25.

Tenesta er slik bemanna:

- 20% jordmor - Fedje kan kjøpe jordmortenester hjå Austrheim kommune
- 110% helsesøster for Austrheim kommune
- 40% helsesøster for Austrheim vidaregåande skule.

Helsesøster arbeider førebyggjande, og har fokus på tidleg innsats ut frå kontrollar, undersøkingar og tilmeldingar. Fokuset er sett ut frå to perspektiv: Tidleg i eit barn sitt liv, og tidleg innafor ulike tidsfasar i eit barn sin oppvekst (0-18 år). I tillegg til at helsesøster startar oppfølgingsarbeid, krev dette fokuset mykje tverrfagleg-, tverrsektorielt- og interkommunalt samarbeid. Ein har jamt eit høgt tal minoritetspråklege brukarar, noko som utfordrar kapasiteten med tanke på tid og kommunikasjon. Den størst andelen er framleis frå Austeuropa, men kommunen sitt mottak av flyktningar frå Somalia bidrar også til det høge talet på minoritetspråklege brukarar.

Faste ulike årlege kontrollar: Alle nyfødte (0-15 mnd), alle 2, 4, 6 åringar og alle 2.,3.,6.,7.,8. og 10. klassingar i kommunen. Ein nådde alle mål for 2014, med unnatak av kontroll av vekt/lengd/KMI for 3. og 8. klassingane. Årsaka til det er for liten kapasitet i høve tida ein har til rådvelde.

Helsesøster driv også førebyggjande arbeid knytt til undervisning og rettleiing om helsefremjande livssil – over eit stort spekter, for barn og ungdom heilt opp til 18 år. Helsesøster og jordmor har i 2014 deltatt på opplæring i De utrolige årene – babyprogrammet. Dei startar opp med kurs for foreldre til barn i alderen 0 – 1 år i 2015. Dette er eit viktig tiltak knytt til tidleg innsats. Forskinga er tydeleg på at gode opplegg med dette gir god avkastning i form av godt fungerande barn – også i

familiar som slit på ulikt vis.

## **Psykisk helse**

Tilsette:

- Psykiatrisk sjukepleiar \ fagleiar 100%
- Psykolog 100% (avd.leiar familiekontoret og kommunepsykolog)
- Aktivitetsassistent 40%

Tenesta skal

- Sikre at menneske med psykiske lidingar , kriser og vanskelege livssituasjonar får tilgang til nødvendige helse- og sosiale tenester . Gjeld barn og vaksne.
- Delta i førebyggjande arbeid blant barn og unge og vera rettleiar for anna helsepersonell.
- Behandling og oppfølging.
- Samarbeid med andre instansar.

Fagleiar arbeider for det meste i direkte kontakt med pasientar - tar del i behandling og oppfølging. Psykolog er dagleg leiar av Familiekontoret i tillegg til å jobbe direkte med pasientar. Begge arbeider tverrfagleg, og tar del i ulike møte og i fagleg oppdatering/etterutdanning.

Tenesta har hatt oppfølging av 69 pasientar i 2014 (55 pasientar i 2013).

## **PPT**

Tenesta er bemanna med logoped 100%, PP-rådgjevar 80% og Fagleg leiar/PP-rådgjevar 100%.

Fedje kommune har avtale om kjøp av tenester frå Austrheim PPT tilsvarande 100 timar pr. år.

Lindås kommune kjøper tenester frå Austrheim PPT for elevar frå Lindås som går på Kaland barne- og ungdomsskule.

Psykologtenesta vert dekkja av dagleg leiar i Familiekontoret som også er kommunepsykolog i Austrheim. PPT har, sidan 2011, saman med barnevernet, arbeidd systematisk med å implementere De Utrolige Årene i barnehagane. Dette er eit kunnskapsbasert førebyggjande prosjekt som skal betre kvaliteten på dialogen mellom vaksne og barn.

Den oppgåva som PPT til ein kvar tid prioriterer er det sakkunnige arbeidet i forhold til enkeltbarn. Denne oppgåva er lovpålagd.


Det er ei nasjonal satsing på PPT og det er sett i gang eit fagleg løft. Den politiske målsettinga er å heve systemkompetansen i PPT. I 2014 har fagleiar delteke på den nasjonale PP-leiar konferansen arrangert av Statped og også delteke på Fylkesmannens si etterutdanning for PP-leiarar. PPT har jamlege treff med skulane og barnehagane kvart semester, der ein tek opp systemsakar eller individsakar. Her vert det og diskutert eventuell kartlegging og vidare oppfølging av sakar. I tillegg kjem det samarbeidsmøte, tilbakemeldingsmøte og ansvarsgruppemøte i dei einskilde sakane. PPT

har også møte der både skule og barnehage er representert i forhold til enkeltbarn som skal byrje i 1. klasse.

4 gonger i året er PPT med i nettverk saman med andre PPT- kontor og Statped Vest. Ein drøftar individ -og systemsaker på desse møta.

Austrheim kommune har søkt om å få delta i prosjektet Vurdering for læring – pulje 6, 2015-2017 for både Kaland og Årås skule. PPT skal delta i prosjektet ut frå sitt mandat for systemretta arbeid, og med tanke på å skape god innsikt i skulen sitt opplærings-tilbod og skulen sitt utviklingsarbeid knytt til dette. Gjennom å delta på felles kursing, møte og relevante praksissamanhengar, kan PPT kalibrere sitt faglege arbeid opp mot skulen sitt ordinære opplæringstilbod. Her blir det også sett fokus på eit felles fagleg samarbeid med skulane for å få ned volumet på antal enkeltvedtak om spesialundervisning i byte med tilpassa tiltaksplanar.

### Nye tilmeldingar til PPT pr. år i Austrheim kommune



Grafen viser at det i hovudsak er skulane som melder inn saker til PPT. Ikkje alle sakene endar med sakkunnig tilråding om behov for spesialundervisning/spesialpedagogisk hjelp, men mange gjer det.

Arbeidet som no vert gjort i heile oppvekslinja med tanke på tidleg innsats, skal gjere behovet for å melde opp elevar til PPT mindre. Vidare skal systemarbeidet knytt til å endre fokus frå enkeltvedtak om spesialundervisning til tiltaksplanar innafor skulen sitt normale tilbod, få ned volumet på spesialundervisning i skulen. Endring av praksis på dette skal fasast inn f.o.m. skuleåret 2015/2016.




## Barnevern

Barneverntenesta er organisert som ein del av familiekontoret. Tenesta gjeld for barn i alderen 0-18 år. Barneverntenesta har tre 100% stillingar, fagleiar og 2 barnevernkonsulentar. Dei to barnevernskonsulentane er nytilsette i 2014. Då gjekk fagleiar av med pensjon, og vår då tilsette

barnevernskonsulent vart tilett som fagleiar med verknad frå februar 2014. I løpet av året fekk vi tilsett to nye barnevernkonsulentar – ein i mai og ein i august. Den siste tilsetjinga kom til etter at vi i samarbeid med Fedje kommune fekk statleg tilskot til ei fast halv stilling. I samarbeid med Fedje kommune er vart denne utvida til ei heil stilling, og vi fekk tilsett ein godt kvalifisert person. Austrheim barnevern har avtale med Fedje kommune, som betaler for barneverntenester.

### Utvikling i tal tilmeldingar til barnevernet



Grafen viser ei formidabel auke i 2014. Sakene kjem i tillegg til dei sakene ein har på gang med tiltak og oppfølging. I 2014 mottok barneverntenesta 49 meldingar. 18 av meldingane vart henlagde. Årsak til at meldingar vart henlagd kan vera at barneverntenesta allereie er inne med tiltak i forhold til barnet, eller at det ikkje er grunnlag til å iverksetja tiltak. Anna årsak kan vera at barnet flyttar i undersøkningsperioden. I slike tilfelle vert det sendt melding til barneverntenesta i den nye bustadkommunen. Barneverntenesta har oppretta vedtak på 92 tiltak i 2014.

Kjøp av konsulentar til miljøarbeid i heimar utgjorde i 2014 ca. 120 % stilling.

Austrheim kommune har avtale med Fedje kommune om kjøp av barneverntenester.

Fylkeskommunen gav midlar til Fedje og Austrheim til ei 50 % stilling for å styrka barneverntenesta. Kommunane gjekk saman om midlar til å auka stillinga til 100%. Denne stillinga skal i hovudsak gå til miljøarbeid i heimar som treng tiltak. Målet med stillinga var å redusere volumet på konsulentkjøp.

Med den formidable auken i saker ser vi at det ikkje strekk til, og vi må spe på med kjøp av slik kompetanse.

### **Kompetanseheving:**

De Utrolige Årene er eit tverrfagleg samarbeid for å styrke kompetansen for personalet i barnehagane. Barnevernet og PPT har i samarbeid ansvar for å rettleie og følgje opp dette arbeidet i barnehagane.

Konsultasjonsteamet for vold og seksuelle overgrep er eit tverretatleg samarbeid mellom kommunane Meland, Radøy og Austrheim.

Frå hausten 2014 byrja fagleiar i barneverntenesta på vidareutdanning i vald og traumatisk stress.

### **Utfordringar:**

Den største utfordringa for barneverntenesta framover er korleis ein skal få til ei teneste som på ein god måte tar vare på og gjev dei rette tiltak som barna i kommunen har krav på.

Frå sentralt politisk hald kjem det signal om at ingen barneverntenestar i kommunane bør ha mindre enn 5 tilsette. Med eit stadig mindre tilbod om hjelp frå bufetat, ser ein behov for større einingar. Det er ynskje frå barnevernleiarane i Nordhordlandskommunane at barneverntenestane vert slått saman.

## **Vaksenopplæringa (VO)**

### **Vaksenopplæring – norske elevar**

Det er til saman 4 personar som har tildelt timar til vaksenopplæring. Til saman er det nytta ca. 73% stilling til dette føremålet. Brukarane av tenestene får eit personleg tilpassa undervisningstilbod slik dei etter lovverket har krav på. Brukarane søker om vaksenopplæring, PPT gir sakkunnig tilråding og rådmannen gjer vedtak i desse sakene. Ein viktig del av dette tilbodet er logopedtilbod til afasi-/slagpasientar.

### **Vaksenopplæring – minoritetsspråklege elevar**

Ved utgangen av 2014 hadde vi 302,68% stilling knytt til norskundervisning av vaksne minoritetsspråklege elevar + 20% stilling til adm (koordinator for VO). Vi har godt kvalifiserte lærarar i alle stillingane. Dette er ein auke av volumet i høve førre år, då det låg på 230%. Auken skuldast to faktorar: Fleire elevar og høgare gjennomføringstempo med fleire undervisningstimar pr. veke. Auken kom i haustsemesteret 2013, og har utvikla seg i løpet av 2014, då Austrheim kommune sitt mottak av flyktingar frå Somalia fekk fullt utslag. Alle stillingar som er knytt til elevar med rett og plikt til norskopplæring vert dekkja gjennom statlege tilskot. Så har vi ein del kveldselevar som tar norskopplæringa på frivillig basis – dei betaler ein timepris på kr. 50. Det dekkjer ikkje kostnadene med undervisninga, så vi har valt å leggje ne dette tilbodet med verknad frå 01.01.2015.

Vaksenopplæringa for minoritetsspråklege elevar gir

- Norskopplæring for vaksne minoritetsspråklege elvar
- Introduksjonskurs for flyktingane som Austrheim kommune tar imot
  - Arbeider med å gjere flyktingane kjent med korleis det norske samfunnet fungerer

nasjonalt og lokalt – med særleg vekt på utdanning, yrke og arbeidsliv

- Administerer språkarbeidsplassar til flykntingane


I tillegg til dette, har vi i 2014 kjøpt undervisning (50 timar) i samfunnskunnskap som fjernundervisning hjå Drammen kommune.

Vi har også kjøpt grunnskuleutdanning for 4 vaksne minoritetspråklege elevar hjå Lindås kommune. Førebels er elevtalet på dette for lågt i Austrheim kommune til at det lønar seg å gi denne undervisninga her i kommunen.

Våren 2014 selde vi undervisning til minoritetspråklege elevar frå Fedje kommune.

Denne avdelinga er bemanna med god kompetanse for norskopplæring og introduksjonskurs, og er godt rusta til å ta i mot eit tal fleire minoritetspråklege elevar utan å måtte utvide med nye tilsetjingar. Avdelinga heldt for tida til i gamle Årås barnehage, og vil flytte over i nye kokale i Klubbhuset ved idrettsparken til hausten.

#### Tal elevar ved dei ulike gruppene i 2014




Grafen viser tal elevar i dei ulike gruppene. Kveldsundervisninga vert avslutta ultimo desember 2014, då denne undervisninga måtte subsidierast av Austrheim kommune. Elevtalet ser ut til å bli rimeleg stabilt (blå søyler) i 2015, med mindre vi får ein auke ved å ta inn nye flykntingar i løpet av året.



## Personalstatus

	Tilsette 2014	Årsverk 2014	Gjennomsnitt stillingsstorleik 2014	Tilsette 2013	Årsverk 2013	Gjennomsnitt stillingsstorleik 2013
Kvinner	274,0	213,2	78 %	268	201	75 %
Menn	57,0	42,69	75 %	55	42	76 %
Total	331,0	255,89	77 %	323	243	75 %




Tal tilsette har auka med 12,89 stillingar, dette utgjør 5,3 %. Det ligg ei kjelde til «feil» inne i desse tala. Dei som er i svangerskapspermisjon, vert talt med i denne statistikken i tillegg til den som er vikar for vedkomande. Det har vore ein reell auke i stillingar i 2014 særleg i vaksenopplæring på grunn av mottak av flyktningar som skal ha norskopplæring. I tillegg har det vore ein auke i bemanning i barnehagane på grunn av fleire barn.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner har hatt ein ørliten auke med 3 %, frå 75 % til 78%. Austrheim kommune har som mål å gi tilsette større stillingar, ein bør vera varsam med å tolka denne vesle auken som anna at ein arbeider mot denne målsetjinga.

## Sjukefråvær

Legemeldt sjukefråvær



I denne oversikta er sjukefråværet for Austrheim i blått, målt opp mot gjennomsnittet for kommunal sektor i raudt og landsgjennomsnitt for både privat og offentleg sektor i grønt.

Austrheim kommune har i heile perioden hatt eit lågt legemeldt sjukefråvære. Tala ligg godt under både kommunal forvaltning og samla for landet. I 2014 gjekk sjukefråværet i Austrheim, for første gong i perioden over dette landsgjennomsnittet. I 1., 2. og 4. kvartal i 2014 har vi lagt over landsgjennomsnittet for første gong i perioden. Vi ligg framleis godt under kommunal forvaltning. Organisasjonen må halda eit våkent auge til sjukefråværet for å sjå om dette er ein trend eller tilfeldig.

At sjukefråværet generelt er lågt, er eit gledeleg trekk som understrekar at satsing på arbeidsmiljø og personalpleie er viktig.

## HMT

Austrheim kommune inngjekk ny IA-avtale 01.06.2014.

Austrheim kommune har kjøpt bedriftshelsetenester frå HMS-gruppen AS for kr. 131 280,-. Tiltak i 2014 har vore organisasjonsutvikling, helsetestar for røykdykkarar og tilsette i teknisk avdeling, møte/kurs for dei som arbeider natt i pleie og omsorg, ergonomiske kartleggingar, arbeidsplassvurderingar, dialogmøte.

Alle verneomboda har hatt kurs i ergonomi.

## AMU

Det har vore 3 møte i AMU med mellom anna desse sakene:

- Handlingsplanar for arbeidsmiljø for alle avdelingane
- Fordeling av AMU-midlar
- Godkjenning av rehabilitering av Årås skule
- Godkjenning av Ungdommens hus
- Godkjenning av Austrheim idrettspark
- Godkjenning av ny IA-avtale
- Revidering av retningslinjer for oppfølging av sjukemelde

## Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet har handsama mellom anna desse sakene

- Godkjenning av ny IA-avtale
- Revidering av retningslinjer for oppfølging av sjukemelde
- Evaluering av prosjekt Grønt arbeid og oppretting av stilling.

## Kompetanse

Ei partsamansett gruppe har no arbeidd ut strategisk kompetanseplan for Austrheim kommune. Planen vart utarbeidd i 2014, men først vedteken på kommunestyret sitt møte i mars 2015. Planen vert retningsgjevande for kompetansetiltak framover.

Tilsette som har tatt utdanning i 2014:

- Miljøarbeid perm 3 i pleie og omsorg. 20 personar
- Ein person tatt vidareutdanning i ikkje-helande sår, 30 stp.
- Kvalifisering av pleiemedhjelparar til helsefagarbeidarfaget. 8 personar tatt teoridel. Dei samlar 8700 timar for å gå opp til fagprøve.
- 2 personar tatt samfunnsentreprenørskap, 10 stp.
- Ein person tatt planrett
- Ein person tatt skatterett II
- 5 lærarar tatt engelsk og matematikk
- Vi har 1 taf helseelev og 9 lærlingar i fag som helsefagarbeidarfaget, barne- og ungdomsarbeidarfaget og kokkefaget. Vi fekk 3 fagarbeidarar i 2014: to i helsefag og ein i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Det er ei målsetjing å tilby tilsette stønad til diverse kompetansetiltak som gjev dei styrka fagkompetanse i jobben. Austrheim kommune arbeider målbevisst med å oppnå stønad til kompetansetiltak frå statlege og fylkeskommunale ordningar. Dette krev ein eigendel frå kommunen som ein bør satsa på å prioritera også framover.



Austrheim kommunehus med legekantor, bibliotek og Nav-kantor.

## Samarbeid med tillitsvalde

Rådmannen har møte 1 gang i månaden med hovudtillitsvalde for organisasjonane. Saker som har vore gjennomgått der har vore mellom anna:

- Gjennomgang tilsetjingsreglement
- Statusrapport økonomi
- Årsmelding
- IA-avtale
- Lønnstingingar
- Ny skulestruktur
- Strategisk kompetanseplan
- Budsjett

Rådmannen ser dette som ein viktig arena for å ha dialog med organisasjonane. På avdelingsnivå har avdelingsleiarane møte med sine plasstillitsvalde.

## Diskriminering og likestilling

Austrheim kommune har som mål å arbeida aktivt, målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindre diskriminering på grunn av kjønn, etnisitet og nedsett funksjonsevne.

Austrheim kommune har

- Retningslinjer for uønska deltid
- Retningslinjer for seniorpolitikk
- Statistikk over lønn kvinner/menn
- Statistikk over sjukefråvære kvinner/menn
- Tilsett ein del framandspråklege i fleire avdelingar
- Retningslinjer for lærlingar
- Retningslinjer for gravide arbeidstakarar
- Bygd opp organisasjonen som ei IA-verksemd.

## Etikk

Austrheim kommune har retningslinjer som gjeld for tilsette og politikarar. I føremålet i desse retningslinjene står det:

*Føremålet med desse retningslinjene er å skapa betre medvit om haldningar og etiske verdiar, og dermed styrkja innbyggjarane sin tillit til administrasjon og politikk i Austrheim kommune.*

Rådmannen ser det som viktig å fokusera på dette føremålet i all kommunal verksemd.

## PLOMS – Pleie og omsorg

### Handlingsprogram

Samhandlingsreforma, som vart sett i verk i 2012, har gitt helse- og omsorgstenestene fylgjande mål:

- Tidleg innsats framfor sein innsats
- Endå betre samarbeid mellom helsetenesta og pleie og omsorg
- Fleire oppgåver med kvar brukar i kommunen
- Auka kompetanse

Hovudmålet er at pasientane og brukarane skal få eit tilbod som heng betre saman. I Austrheim har dette vore sterkt styrande for avdelinga.

I 2014 har det vore arbeidd med å styrka forvaltninga gjennom å få på plass vedtak både i IPLOS, IKT-systemet og ut til brukarane. Det har vore arbeidd med å få på plass primærkontaktar både på Nordliheimen og Vestlia/heimetenester II. Spesielt i Vestlia/heimetenester II har det vore ei utfordring på grunn av få vernepleiarar/sjukepleiarar i avdelinga.

### Økonomisk resultat

I 2014 har budsjettet vore ei stor utfordring. Avdelingsleiar har arbeidd tett med økonomisjef for å tilpassa drift til ramme.

Oversyn over økonomisk resultat på dei ulike tenestene, oversynet er basert på resultat i forhold til justert budsjett ved 2. tertialrapportering, minus framfor viser overforbruk.

Ansvar	Resultat
Arbeidssenter	159 000
Nordliheimen	- 583 000
Kjøkken/vaskeri	- 204 000
Heimetenester I	- 768 000
Heimetenester	151 000
Samla	1 245 000

Ein grundigare gjennomgang av tala viser at desse postane særleg bidreg til avviket.

- Mindre brukarbetaling på Nordliheimen - 493 000
- Auka utgifter til matkjøp på Nordliheimen - 146 000
- Mindre betaling mat/middag - 63 000
- Auka vikarbruk Heimeteneste I - 449 000
- Mindre statstilskot Heimeteneste I - 500 000
- Auke i PU tilskot Heimeteneste II 822 000

Samla kjem avdelinga ut med eit meirforbruk i høve justert budsjett med 1 245 000.



## Statistiske opplysningar

Tiltak	Tal	Kommentar
Vedtak om heimetenestar	30	
Stillingar heimesjukepleien	11,63	
Stillingar nattpatruljen	1,80	
Brukarar heimetenestar	60	
Tryggleiksalarmar	38	
Kjøparar av middagar pr. dag	15	
Kommunale omsorgsbustader i Vestlia	13	
Omsorgsbustader Furuly	10	4 var nye i 2013
Omsorgsbustader Sætre marka	14	Austrheim kommune eig 3
Vedtak på støttekontakt for personar over 18 år	25	
Korttidsopphald på Nordliheimen	Ca. 100	
Tildelt langtidsopphald	Ca. 10	

## Helseavdelinga

### HOVUDMÅL:

- Halde fagleg oppdatering og gje helseteneste etter ålment aksepterte mål.

Det er i året drive kursing og deltaking i møte for å være oppdatert i fag og administrative endringer lokalt og til endringar i regel - og lovkrav.

Samhandlingsreformen har kravd mykje arbeid i møte og oppfølging.

### DELMÅL:

- Fremja psykisk og fysisk helse og arbeide for best moglege sosiale og miljømessige tilhøve.
- Kontinuerleg å sikre tilgjenge og god kontinuitet i tenestene, heilskap og koordinering av tenester:

Bemanninga er auka og det er ikkje registrert døme på at tilgjenge har vore ein kritisk faktor.

Telefontilgjenge er stadig ei utfordring

- Drive sikkert for pasient og tilsette.

Det er ikkje registrert avvik frå lover eller at driften har ført til negative helsekonsekvenser for innbyggjarane.

Det er ikkje registrert skriftlege klager der pasientane har fått medhald frå tilsynsmynde. Heilt sporadisk munnleg misnøgde med tilgjenge har det vore, men aldri med negative konsekvenser.

Oppdatering/revisjon av planar er ikkje à jour. Dette krev samarbeid utover avdelinga

## FYSIOTERAPI:

### A)Kommunalt tilsette:

100 % stilling som kommunal fysioterapeut er gjort om til Leiande fysioterapeut-stilling samstundes som ein har auka med 40 % fast stilling for fysioterapeut.

Nye lokale vart tatt i bruk i Nordliheimen des-2011. No vert dette for lite for 2 fysioterapeutar.

Inntening på klinisk arbeid

År	Inntening
2011	23 000
2012	21 000
2013	29 000
2014	34 000

Innteninga viser ein jamn auke, noko av auken skuldast auke 40 % i stilling.

I 2013 har avdelinga prioritert barn, palliative pasientar, postoperative pasientar, alvorleg skade el sjukdom og gravide sjukemelde som står i fare for langtidsjukemelding .

Fysioterapeutane har drive fylgjande grupper:

- Barseltrening
- Trim for tilsette på Nordliheimen
- Trim knytt opp til Seniorsenteret
- Fallførebyggjande gruppe
- Tverrfaglege ressursdagar.

Tal undersøkingar, behandlingar, oppfølgingar:

Barnehage/skule/arbeid

År	Tal
2012	66
2013	89
2014	132

Gruppetrening

År	Tal
2012	98
2013	122
2014	119

Det er gjennomført kursing og Leiande fysioterapeut tar vidareutdanning i Helsefremjande og rehabiliterande arbeid ved Høgskulen i Bergen. I tillegg kjem møte, kurs, hjelpemiddelformidling osv.

Fysioterapeut med driftstilskot.

Kommunen har og 100 % stilling for fysioterapeut med driftstilskot/leigeavtale.

Oversyn over aktiviteten:

Type	Tal	Kvinner	Menn
Tal pasientar	145	98	47
Påbegynte seriar	220	147	73
Avslutta seriar	124	86	38
Tal konsultasjonar	4 239		
Honorartakst	2 866		
Nav frå Austrheim	3 800		
Frå Austrheim trygd	70		

Snitt konsultasjonar pr dag er 19,6.



Folkehelse er viktig. Ordførar Per Lerøy opnar det lokale arrangementet på Verdås Aktivitetsdag 12. mai

## Interkommunale ordningar.

Kommunen er med i interkommunalt teknisk hygienisk samarbeid. Kommunen deltek og i interkommunal lækjarvakt både på dagtid og kveld/helg. Det er og knytt opp Kommunale Akuttsenger Døgntilbod til Lækjarvakta. Det er Lindås kommune som er vertskommune for alle desse ordningane.

### Listepasientar

Austrheim har ca 2 856 innbyggjarar. Listene til lækjarane har tak på 2 600 pasientar. Kommuneoverlege opplever press på for lita tid avsett til administrative gjeremål. Kommunen arbeider med å sjå på om ein skal auka legeheimlane.

## NAV

Handlingsprogram

### **VISJON:**

VI GIR MENNESKE MULIGHEITER

Lov om sosiale tenester kap.1

Formål: "Å fremme økonomisk og sosial tryggleik" Det inneber retten til arbeid som rettesnor for all hjelp og bistand frå NAV.

### **Mål.**

Målsettinga med arbeidet som vert utført er å oppfylle intensjonane i lovverk, ha fokus på arbeid og sikre at brukarane av tenestene får rett hjelp til rett tid.

### **Sosialrådgiving og rettleiing**

#### **MÅL 2014:**

**Vi har som overordna mål i 2014 å redusere tal på unge sosialhjelpsmottakarar og få dei raskast mogleg i arbeid eller utdanning.**

Kommunen har i 2014 forlenga tilbod om «Grønt arbeid» som jobbtilbod til dei som fell utanfor det arbeidslivet. Tilbodet fungerer godt og har fått auka status blant ungdom.

Me bruker og i stor grad statlege tiltak for denne gruppa. Vi opplever eit aukande behov for tiltak for ungdom som er utan arbeid.

#### **Edruskapsvern**

I rusvernarbeidet er det målsetjinga å hindre auke i problem, skape haldningsendring gjennom førebyggjande arbeid og arbeide tverrfagleg.

Vi har ikkje klart å få til dette eller å prioritere tiltak i 2014. Ruspolitisk handlingsplan er ikkje sett på den politiske eller administrative agenda for rullering. Skjenkeløyve har vore gjeve i strid med eksisterande plan.

Personar med rus- og psykiatriproblem aukar og vi har fleire personar i LAR (legemiddelassistert rusbehandling) enn tidlegare år.

Vi har hatt utfordring med å skaffe bustad til denne gruppa i 2014. Vi treng å styrke bustadsosialt arbeid og oppfølging i bustad.

#### **Flyktningar**

I 2014 blei 22 flyktningar frå Somalia busett i Austrheim. Det var 9 vaksne og 13 barn. Det blei brukt 400.000 til dette arbeidet. Dette inneheld utgifter til tolk, etablering i bustad, grunnskule i Knarvik og

kurs til flyktningkonsulent. Pr. 01.01.2015 er det i alt 25 flyktningar frå Somalia og ein frå Etiopia busett i Austrheim.

### **Økonomisk sosialhjelp**

Sosialtenesta har også i 2014 spesielt vektlagt arbeid med unge sosialhjelpsmottakarar gjennom tett samarbeid i Nav kontoret. Det er også i denne gruppa vi har auke i søknader.

Vi har hatt ein liten reduksjon i talet på unge sosialhjelpsmottakarar i aldersgruppa 18-24 år. Vi hadde 19 personar i 2013 og 15 i 2014. I aldersgruppa over 25 år hadde vi 24 som fekk hjelp. Totalt fekk 63 personar økonomisk sosialhjelp i 2014 mot 46 i 2013. Det har altså vore auke frå 2013 til 2014. Også auke i brukarar som har sosialstønad som einaste livsopphald i en periode på minst 12 månader.

Vi har i 2014 hatt kostnader til sosialhjelp på 1,678 millionar mot kostnader på 1,175 million kroner i 2013, ein auka på 43 %. På grunn av mottak av nye flyktningar har det også vore ytt sosialhjelp til dei fram til dei startar i introduksjonsprogrammet. Dette forklarar noko av auken.

### **Gjeldsrådgeving:**

Vi hadde i 2014 fleire saker der vi var inne med gjeldsrådgiving til brukarar. I tillegg får mange økonomisk rådgeving av oss.

### **Måloppnåing :**

Målet for 2014 var å leggja vekt på eit målretta og systematisk arbeid, slik at brukarane av tenestene var avklart til arbeid og vert sikra rett hjelp til rett tid.

For å oppnå måla har vi hatt fokus på gode rutinar, klare ansvarsforhold, godt samarbeid internt og eksternt og god kompetanse gjennom å oppdatere oss på nye ting som skjer innan fagområdet våre.

Vi har kort sakshandsamingstid på søknader, men auke i høve til tidlegare år.

### **Utfordringar**

Å greie å gi lovpålagte tenester til beste for brukarane med dei ressursar som rammene gir oss.

Me har utfordringar i høve til behov for akutt bustader

Å utvikle det tverrfaglege arbeidet endå betre.

Å ivareta det sosialfaglege arbeidet integrert i NAV-kontoret sine oppgåve.

Å jobbe etter ny metodikk for arbeidsretta brukar oppfølging i NAV-kontoret som var implementert i august 2013.

Ta imot flyktningkvote i 2014.

## Teknisk drift.

### HOVUDMÅL:

Teknisk drift utfører forvaltnings-, drifts-, og utbyggingsoppgåver.

- Forvaltningsoppgåvene er først og fremst lovpålagt sakshandsaming i hovudsak retta mot kommunen sine innbyggjarar.
- Drifts-, og utbyggingsoppgåvene omfattar tenester som gjeld kommunen sine innbyggjarar. Dette er veg, vatn, avløp og brann.
- Drift av Kurs og fritidssenter.
- Drift av kommunal minibuss.
- I tillegg vert det utført tenester for kommunen sine andre avdelingar,. Dette er vaktmeistertenester, reinhald, bygningsdrift og nybyggingsprosjekt,

Hovudmålet er å yte gode tenester til rett tid og oppretthalde kompetanse på avdelinga sine ulike tenestekområde.

### Måloppnåing

#### ANSVAR 600.

Tekniske tenester, vassforsyning og avløp har i hovudsak vorte utført i samsvar med målsetjingar. Vasskvaliteten har vore tilfredsstillande. Kommunen har innført ny VA-norm.

Kommunen har i 2014 bygd ut vatn til Langøy, Sævrøy og Baløy. Det har vore tre større vassleidningsbrot i 2014. Det har vore få klager frå abonnentar.

Vegvedlikehald sommar/vinter og asfaltering er utført i samsvar med målsetjingar og kommunale vedtak. Brann og beredskap er utført i samsvar med målsetjingar.

#### ANSVAR 605 REINHOLD.

Reinhaldet vert utført i eigen regi. Tenesta er organisert som eiga gruppe og eige ansvarsområde under Teknisk drift. Det vert utført dagleg reinhald i 16 bygg. Det er auka bruk av fleire bygg som medfører meir vask. Det er framleis behov for tilpassingar og justeringar av arbeidsopplegg og reinhaldsrutinar.

#### ANSVAR 604. DRIFT KOMMUNALE BYGG OG EIGEDOMAR.

Kommunen har 38 bygningar som krev ettersyn og vedlikehald.

Det blir utført fast vaktmeisterteneste på 11 bygg. For dei resterande bygga vert det utført vedlikehald og ettersyn etter behov. I tillegg til dette utfører avdelinga arbeid i tilknytning til nybygging og investeringar.

Målsetjingane for vedlikehaldet er å drifte tekniske anlegg i tråd med bygningen sin bruk og reparere byggskeidar fortløpande. Målsetjingane er berre delvis oppfylte.

## Nøkkeltal frå Teknisk drift

	2013	2014
<b>Vassforsyning</b>		
- Abonnetar	992	1025
- Vassforbruk 1000 m3	356	415
- Lengde hovudnett km	48	58
<b>Avløp.</b>		
- Abonnetar	601	610
- Lengde	28	28
- Reinseanlegg	5	5
- Slamavskiljarar priv	713	713
<b>Brannvern</b>		
- Utrykkingar/øvingar	31/5	27/8
- Feiing :	514	653
- Tilsyn private hus.	201	277
<b>Kommunale bygg.</b>		
Bygg totalt	38	38
Bygg med vaktmeistarar	12	12
Bygg med reinhald	16	16
<b>Vegllys</b>	980	980
Kommunale vegar (km)	45	45

Under vassforsyning ser vi at tal abonnetar har auka vesentleg. 33 abonnetar har fått kommunalt vatn i 2014. For å få dette til, er det lagt 10 km. ny hovudvassleidning mot Øyane. I 2015 vil fleire knyta seg til vassforsyninga.

### Økonomisk resultat

Oversynet for heile avdelinga syner eit rekneskapsmessig underskot.

Ansvarsområde 600 underforbruk på kr 93 000.

Ansvarsområde 604 bygg har meirforbruk på kr 1 609 000.

Meirforbruket er på kr 257.000 til idrettspark, kr 110.000 til symjehall, kr 620.000 til kystbarnehagen, forsatt drift av Årås barnehage og kr 458.000 i mindre inntekter på kommunale leiligheiter.

Ansvarsområde 605 reinhald har eit meirforbruk på kr 641.000.

Meirforbruket er kr 132.000 i matriellkostnader, resten lønnskostnader.

## Frivilligsentralen

Pr. 31.12.14 hadde sentralen ca. 210 brukarar og 100 frivillige.

Målsetjing:

- Vere ein møteplass som formidlar kontakt mellom menneske i lokalmiljøet.
- Opptre som katalysator for idear og forslag, og bidra til auka aktivitet og samarbeid i nærmiljøet.

Frivilligsentralen driv aktivitetar både for eldre og unge. Innsatsen til frivillige utgjer om lag 2,5 årsverk. Dette er ein imponerende innsats.

Frivilligsentralen driv og aktivitetane på Seniorsenteret i samband med frivillige. Her er det stor aktivitet.

## Kultur

Kulturavdelinga si drift omfattar både det kommunale bidraget og det store bidraget som frivilleg lag og organisasjonar driv.

I 2014 har to større hendingar vore sentrale.

- Grunnlovsjubileet 1814-2014
- Kulturdagane Austrheim 26. oktober – 5. oktober

I samband med begge desse hendingane, vart det mange arrangement. Kulturdagane vart i år arrangert for 15 gong, det var tilsaman 32 arrangement desse dagane.

I tillegg har mellom anna arrangement som Havsportveka, Fønnesdagen og Landbruksdagen vore sosiale og kulturelle møteplassar i 2014.

Økonomisk oversyn over bruk av kulturmidlane i 2014.

<b>Kulturmidlar totalt</b>	<b>kr 171.000</b>
Song og musikk	kr 29.000
Idrett og friluftsliv	kr 58.000
Andre	kr 84.000
<b>Tilskot til tiltak barn og ungdom</b>	<b>kr 129.000</b>
Idrett og friluftsliv	kr 31.000
Andre	kr 98.000
<b>Tilskot til dugnad ved større arrangement</b>	<b>kr 90.000</b>
Havsportveka	kr 75.000
Landbruksdagen	kr 15.000

Dette er offentlege midlar som lag og organisasjonar får som tilskot til sitt viktige arbeid.

«Kulturen – limet som bind oss saman.»

Arbeid med kultur er eit overskotsføretak i eit samfunn. Det er aktivitetar som føregår i skjæringspunktet mellom offentlig og privat initiativ. Det er stor forventning til kva kommunen kan bidra med. Dersom økonomisk innstramming fører til mindre pengar til dette feltet, kan nettopp det fargerike innslaget som kulturen gjev, koma til å lida.



Fritidsaktivitetar for unge er eit viktig felt innan avdelinga. Det har vore arrangert mange positive aktivitetar dette året. Her opplever ein god oppslutnad og god tilbakemelding.

Tilslutt må nemnast prosjektet «Turstiar i Austrheim – opprustning.» Dette er eit samarbeid med ulike grendalag. Arbeidssenteret lagar trelemmar og klopper til stiane. Grendalaga legg desse ut og ryddar langs stiane. Det største prosjektet her, er opprustninga av Årvika friluftsområde. Det er eit samarbeid mellom Bergen og omegn friluftsområde, Fønnes Bygdelag og kommunen.

## Kulturskulen

Kulturskulen driv musikkaktivitetar, teikning og maling. I tillegg driv dei Tiriltunge barnekor i samarbeid med Frivillegsentralen. I år hadde kulturskulen, saman med skulane ansvar for mykje av det flotte programmet som var på Festkvelden i Austrheimhallen 3. oktober.

## Bibliotek

Driftsmessig har biblioteket overteke ansvaret for bibliotektenesta på Austrheim vidaregåande skule. Biblioteket jobbar aktivt for å auka lesegleda og vil stimulera til meir lesing. I dette feltet er det og mange samarbeidsfelt med skulane og barnehagane.



Frå eitt av arrangemna i samband med Grunnlovsjubileet. Merethe Gauden formidlar.

## Landbruk.

Austrheim er med i det interkommunale landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy. Kostnaden for tiltaket var kr. 572 039, dette var heilt på budsjett.

### Saker som landbruksfagrådet har arbeidd med:

Landbruksfagrådet har hatt 4 møte og handsama 40 saker i 2014

### Bruk av midlar til kulturlandskapet – SMIL m.m.

Kommunen får tildelt statlege midlar (SMIL = spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap) til fordeling til aktive bønder som gjer særskilt innsats for kulturlandskapet. For 2013 fekk kommunen tildelt kr 80.000.

Det var avsett 400 000 kr i budsjettet til Austrheim kommune i 2014 til tiltak i landbruket. Alle midlane er løyvd.

Landbruksdagen vart skipa første gong i 2008, og har vore skipa årleg sidan den gong. Det er landbrukskvinnelaget og sauallslaget som står bak, men mange andre lag og organisasjonar deltek. Kommunen har støtta opp med midlar til skipinga av landbruksdagen.

Landbruksdagen er ei viktig tilskipping for både fagleg og sosialt miljø i landbruket for heile Nordhordland. Det er ein enorm dugnadsinnsats som vert lagt ned for å kunne gjennomføre landbruksdagen. Det var 2000 menneske som besøkte landbruksdagen 2014.

### Felles landbrukskontor

Lindås, Meland og Modalen har ynskt seg inn i felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy. Planane om å utvide felles landbrukskontor vart avslutta i 2014 utan at fleire kommunar vart med i felles landbrukskontor.

### Litt om landbruket og utviklinga i Austrheim:

	1975	1985	1995	2000	2009	2010	2014	2015
Tal bruk i drift	84	?	97	57	25	28	28	30
Bruk i drift med mjølkekyr	35	18	12	10	5	5	4	4
Jordbruksareal i drift	5232	5022	5070	4328	4835			
Tal mjølkekyr	199	225	187	173	78	75		
Tal ammekyr					55	75		
Andre storfe	318	467	437	373	206	208		
Vinterfora sau	568	1711	1205	1430	896	985		
Utegangarsau					136	168		

Tabellen viser dei store endringane i jordbruket i kommunen. Det har vore sterk nedgang i bruk i drift. Det har vore stor nedgang i tal mjølkekyr. Det har vore ein større auke i vinterfora sau, det er og kome inn utegangarsau.

### Husdyr, etter region, husdyrslag, tid og statistikkvariabel

Tal husdyr	1969	1979	1989	1999	2002	2005	2008	2011	2013
Storfe i alt	862	660	575	551	611	449	357	457	492
Kyr i alt	404	250	224	205	198	144	133	181	190
Mjølkekyr	:	:	:	166	153	112	77	41	47
Ammekyr	:	:	:	39	45	32	56	140	143
Andre storfe	458	410	351	346	413	305	224	276	302
Sauer over 1 år	1 045	1 169	1 376	1 274	1 055	840	915	1 099	1 042

Tabellen viser at det i perioden frå 1969 har vore store endringar i jordbruket i kommunen.



Bilete frå Landbruksdagen 2014

### **Plan, byggesak, oppmåling og miljø**

Nettomramma for avdelinga var kr. 2.128.000 i 2014. Det har vore høg aktivitet på avdelinga og om lag 130 saker vart handsama som byggje- og delingsaker. Det vart og handsama mange oppmålingssaker og reguleringsplansaker.

#### **Avdelinga har i 2014 elles arbeid med desse planane:**

- Kommuneplanarbeidet i Austrheim kommune.
- Områdeplan for Nordre Fønnesvågen.
- Detaljregulering Johan Sverdrup oljerørledning, Bergsvikhamn til Mongstad.
- Planendring Årås skule og Austrheim Idrettspark.
- Detaljregulering Gang- og sykkelveg Mastrevik-Kilstraumen med friluftslivområde Ulvøy.
- Planendring reguleringsplan Breivik/Åråsågen/Sætre marka
- Avdelinga er med på planarbeidet «Kulturminne i Austrheim frå steinalder til oljealder. Kulturminneplan 2015-2025.

#### **Desse reguleringsplanane vart ferdige godkjente i 2014:**

- Planendring Mongstad industriområde nordre del.
- Detaljregulering Naustvika Søre Njøta del av 137/7.
- Detaljreguleringsplan Buholmen.
- Detaljregulering Næringsområde N05 Leirvågkrysset
- Detaljregulering for Torvhaugane bustadfelt – Leikvoll.

Avdelinga tok ansvar for byggetilsynet i Austrheim kommune i 2013 og gjennomførte 13 aktive tilsyn i 2014.



Fyrverkeri i Årvikane nyttårsaftan 2014.